
Vår referanse 2020/71536-2
Dato 09.10.2020

VILLANGER & SØNNER AS
KNARVIK
5914 ISDALSTØ

Att. Rune Kristoffersen

Førehandstilsegn - Utvida bruk av avkøyrslø - Fv 5314 - Gnr 312 bnr 5 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 16.09.2020.

Vedtøk

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 5314 til den frådeltø parsellen av gnr. 312 bnr. 19 i Alver kommune, for oppføring av bustad med ei bueining og ein utleigedel.

Avkøyrslø er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løvyet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrslø skal vera plassert i samsvar med vedlagt situasjonsplan. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrslø*, som ligg ved.
2. Avkøyrslø må avgrensast med avvisande kantstein som vist i vedlagt situasjonsplan. Kantsteinen må trekkast inn gjennom avkøyrslø for å leie køyretøy frå tilstøtande tilkomstveg inn i riktig køyremønster gjennom avkøyrslø.
3. Løvyet gjeld oppføring av bustad med ei bueining og ein utleigedel.
4. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.
5. Løvyet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
6. Dersom avkøyrslø går over ei veggroft, må det leggjast eit røyr. Røyrøt må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftøvatnet får renne unna. Røyrøt må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrslø*.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
8. Så snart avkøyrslø er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsele har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsele* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsele frå.

Eigedomen ligg nordvest for fv. 5314. Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årsgøgertrafikk (ÅDT) er 700. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse «mindre streng» jf. *2017 - 2020*

Rammeplan for avkøyrsele med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Silje Svanevik-Røren
Rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Situasjonsplan
- 2 Krav til utforming av avkøyrsele
- 3 Melding om opparbeidd avkøyrsele

Kopi til:

Rune Kristoffersen Holmeknappen 37